

**Til stades:** Mari Skeie Ljones – nestleiar, Helene M. Bolstad - nestleiar,  
Jan Heier, (berre tysdag, t.o.m sak 59) Hilde Reitan (berre  
onsdag, frå sak 60), Olav L. Mjelva, Tove Leinslie  
  
Gudrun Folkedal – 2.vara, Thor Hauknes (berre tysdag, t.om.  
sak 59)

**Tid:** 16.desember frå kl. 10.00-17.desember kl.15

**Stad:** Schous

## Referat

**Styresak 2014/48 Innkalling og sakliste**

**Styresak 2014/49 Orienterings-, drøfting- og referatsaker**

- a) Driftsrapport
- b) Rekneskapsrapport
- c) Orientering om festivalundersøking, og mogleg arrangørundersøking
- d) Orientering kring innspel frå fagutvalet for yrkesutøvarar
- e) Landsfestivalen 2013
- f) Budsjett 2015 (ettersendast, vi får vite kva vi får i driftstilskot  
11.desember)

**Styresak 2014/50 Kandidatar til styre i Norsk musikkråd?**

**Styresak 2014/51 Deltaking på årsmøte i Trøndelag folkemusikklag**

**Styresak 2014/52 Bladpengar**

**Styresak 2014/53 Møteplan for styret våren 2015**

**Styresak 2014/54 Fordeling av Frifondmidlar**

**Styresak 2014/55 Oppnemning av arbeidsgruppe for arrangørnettverket i 2015**

**Styresak 2014/56 Meisterkonserten i Operaen – evaluering og vegen vidare**

**Styresak 2014/57 Folkelarm 2014 - evaluering**

**Styresak 2014/58 Folkelarm 2015 – avklaringar**

- Styresak 2014/59** Folkelarm 2015 – oppnemning av programkomité og jury for folkelarmprisen
- Styresak 2014/60** Folkelarm – arbeid med ny modell
- Styresak 2014/61** Evaluering av Landskappleiken 2014
- Styresak 2014/62** Evaluering av Landsfestivalen 2014
- Styresak 2014/63** Diverse reglement Landsfestival
- Styresak 2014/64** Val av arrangør av Landsfestival for gammaldansmusikk 2016
- Styresak 2014/65** Val av arrangør av Landskappleik 2016
- Styresak 2014/66** Diverse godkjenningar for Landsfestival i gammaldansmusikk 2015
- Styresak 2014/67** Diverse godkjenningar for Landskappleiken 2015
- Styresak 2014/68** Kurs om sponning på Landsmøtet våren 2015?
- Styresak 2014/69** Eventuelt

### **Styresak 2014/48 Innkalling og sakliste**

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.

### **Styresak 2014/49 Orienterings-, drøfting- og referatsaker**

- a) Driftsrapport
- b) Rekneskapsrapport
- c) Orientering om festivalundersøking, og mogleg arrangørundersøking
- d) Orientering kring innspel frå fagutvalet for yrkesutøvarar
- e) Landsfestivalen 2013
- f) Budsjett 2015 (ettersendast, vi får vite kva vi får i driftstilskot 11.desember)

Vedtak: Styret tek orienterings- og referatsakene til orientering med desse merknadene:

- a) Vi må finne fleire måtar for å arbeide for å få folkedans som tilbod i grunnskulen. Diverse idear kom opp i møtet. Vi følgjer det opp i arbeidet med plan for neste år.
- b) Rekneskapsrapporten kom så seint at vi ikkje hadde tid til å gå grundig gjennom han.
- c) Ingen merknad
- d) Innspelet frå fagutvalet for yrkesutøvarar vert handsama i styremøtet i januar.
- e) Landsfestivalen 2013 hadde eit lite negativt resultat. FolkOrg har eit tap på kring 44 000 i tapte fordringar.
- f) Budsjettet vart ikkje drøfta då driftstilskotet ikkje var klart likevel.

### **Styresak 2014/50 Kandidatar til styre i Norsk musikkråd?**

Vedtak: FolkOrg gjer framlegg om kandidatar til styret i Norsk musikkråd og gjer administrasjonen fullmakt til å spørje desse om å vere kandidat – i prioritert rekkefølge:

1. Jo Asgeir Lie
2. Terje Foshaug
3. Anna Gjendem
4. Bente Storbakken
5. Bente Hemsing
6. Ellen Persvold

7. Astrid Sulheim
8. Kirsti Timenes Bell
9. Arild Herstad
10. Mari Andrea Ness
11. Helene Myklemyr Bolstad
12. Sigrunn Haugli

*Vi samordnar innspel til styreleiar med andre organisasjonar.*

**Styresak 2014/51 Deltaking på årsmøte i Trøndelag folkemusikklag**

*Vedtak: Jan Heier Representerer FolkOrg på årsmøte i Trøndelag folkemusikklag.*

**Styresak 2014/52 Bladpengar**

*Vedtak: Bladpengar for Folkemusikk for 2015 er sett til kr 410 (minus kr 70 for medlemmar og studentar)*

*Laussalspris: 110 kr*

**Styresak 2014/53 Møteplan for styret våren 2015**

*Vedtak:*

*Styremøte 2015/01 vert sett til 20.-21.januar*

*Styremøte 2015/02 vert sett til 18.mars*

*Styremøte 2015/03 vert sett til 5.juni*

**Styresak 2014/54 Fordeling av Frifondmidlar**

*Mari Skeie Ljones er instruktør i Oslo juniorspelmannslag, og var inhabil i saken.*

*Vedtak: Forslaget til fordeling av Frifond organisasjon 2014 blir godkjent.*

**Styresak 2014/55 Oppnemning av referansegruppe for arrangørnettverket i 2015**

*Vedtak: Styret i FolkOrg vedtek følgjande referansegruppe for arrangørnettverket i FolkOrg:*

Hilde Bjørkum (Førdefestivalen - festival) - leiar for gruppa

Per Åsmund Omholt (Folkemusikkscena på Rauland - helårsarrangør)

Kjærsti Gangsø (Vågå spel- og dansarlag - lokallag)

### **Styresak 2014/56 Meisterkonserten i Operaen – evaluering og vegen vidare**

Vedtak: Meisterkonserten var særskild vellukka, og det er eit ønske om å gjere det att, gjerne i samarbeid med andre. Saken vert nærare drøfta i samband med planlegginga av arbeidet for 2015.

### **Styresak 2014/57 Folkelarm 2014 – evaluering**

Vedtak: Evalueringsrapporten vart teke til vitande.

### **Styresak 2014/58 Folkelarm 2015 – avklaringar**

Vedtak:

- a) Folkelarm vidarefører sitt samarbeid med Samspill
- b) Folkelarm nyttar midlar som til no er nytta til pressemedarbeidar til ein medarbeidar for marknadsføring.
- c) Honorar til artistane er avhengig av om vi får tilskot til det. Det vert formidla tydeleg når vi opnar for påmelding.
- d) Vi set av midlar til eit samarbeid med Spot-festivalen i Danmark og Folklandia i Finland, der vi har gjensidig utveksling av artistar og oppkjøparar.

### **Styresak 2014/59 Folkelarm 2015 – oppnemning av programkomité og jury for folkelarmprisen**

Vedtak:

- a) Folkelarmjuryen skal ha 3 medlemmer. Styret i FolkOrg ber administrasjonen om å spørje personane som styret kom fram i møtet om å sitte i juryen.
- b) Folkelarmprisjuryen skal ha 3 medlemmer. Styret i FolkOrg ber administrasjonen om å spørje personane som styret kom fram i møtet om å sitte i juryen.

Dersom det trengs fleire namn til desse juryane, så har prosjektleiar dialog med utøvarrepresentantane i styret.

### Styresak 2014/60 Folkelarm – arbeid med ny modell

Vedtak: FolkOrg sett ned ei arbeidsgruppe på fire personar som skal konkretisere ny modell for Folkelarm. Vi engasjerer ein prosjektleiar til å lede arbeidet. Vi tek atterhald om driftstilskotet til FolkOrg.

Arbeidsgruppa arbeider etter mandatet som er skildra under:

- **Eigarskap:** FolkOrg bør framleis ha styringsrett i Folkelarm når det gjeld innhald og programprofil. Men for å få ein meir berekraftig modell og fleire som opplever eit engasjement kring arrangementet, er det av interesse å få med andre i drifta av arrangementet, gjerne gjennom etablering av ei stifting eller anna føretak. Arbeidsgruppa vurderer aktuelle medverkande og organisasjonsform, og har mandat til å gå i forhandlingar med kandidatar som styret har godkjent.
- **Stad:** Folkelarm bør leggjast til Oslo, helst gjennom samarbeid med Riksscenen. Dette fordi Oslo er sentralt for bransjen, og fordi Riksscenen er ein sentral scene for vår verksemd. Samarbeid med andre etablerte festivalar kan likevel vere av interesse. Arbeidsgruppa vurderer lokalisering og samarbeidsformer.
- **Økonomi:** Arrangementet er til for bransjen, og den bør utfordrast på å vera med å dra lasset. FolkOrg kan ikkje aleine drive Folkelarm, dersom den skal halde nødvendig kvalitet, regularitet og storleik. FolkOrg reknar med å delta med kostnadsdekking tilsvarende løn for prosjektleiar. Spørsmål som til dømes honorering, utgiftsdekking og moglege stønadsordningar er av stor interesse å få avklart. Arbeidsgruppa vurderer inntektsmogelegheiter og viktige utgiftspostar.
- **Innspel frå bransje/arrangørar:** Arbeidsgruppa må søkje kontakt med sentrale aktørar i bransjen og i vår eigen organisasjon for å få synspunkt på kva som er etterspurt. Arbeidsgruppa tek nødvendige kontaktar og gjer vurdering av innspel. Arbeidsgruppa må sikre at den nye modellen tar omsyn til trongen bransjen har for eit slikt arrangement.
- Arbeidsgruppa må arbeide ut frå evalueringsrapporten frå 2012 og rapporter arrangementa etter det.
- **Tidsramme:** Arbeidsgruppa byrjar arbeidet frå nyåret, og leverer si tilråding innan 1.mai 2015. Styret handsamar saken i junimøtet.

### Styresak 2014/61 Evaluering av Landskappleiken 2014

Vedtak: Styret i FolkOrg tek evalueringa til vitande.

### **Styresak 2014/62 Evaluering av Landsfestivalen 2014**

Vedtak: Styret tek evalueringa til vitande

### **Styresak 2014/63 Diverse reglement Landsfestival og Landskappleik**

Vedtak:

- a) Ei presisering i tevlingsreglementet vert lagt til i punkt 11. Teuling i spel, slik at nytt punkt vert:  
"Utøvarane kan spele 2 slåttar eller fleire slåttar i 2 kuler med maksimum 5 minutt speletid per kule. Dei skal leggje vekt på å syne rikdom i slåttetilfang og bør spele slåttar i ulik taktart eller med ulik karakter, **som til dømes, ulikt stille, oppbygging og uttrykk.**"

Grunna stramt tidsskjema på Landskappleiken gjer vi ingen endringar i tevlingsreglementet knytt til det å presentere slåttene sin sjølv.

- b) Ein utvidar dommarpanelet i gruppespel og lagspel på Landsfestivalen med ein dommar med kompetanse på komp. Det skal vere dansekompetanse i dommarpanelet i alle seniorklassane.
- c) Sakshandsamar får til eit møte i løpet av våren med felemakarar i miljøet, der ein fokuserer på betringar som kan gjerast med instrumentutstillinga. På møtet kan dei felemakarane som ynskjer det møte, samt rådgjevar for kappleikar og Landsfestivalen og Olav Luksengård Mjelva frå styret i FolkOrg.

### **Styresak 2014/64 Val av arrangør av Landsfestival for gammaldansmusikk 2016**

Helene Myklemyr Bolstad var ugild i saken. Rådgjevar for kappleikar er og inhabil, og dei var ikkje til stade under handsaminga.

Vedtak: Styret i FolkOrg vedtek at Landsfestivalen 2016 vert tildelt til Gamlebanken spelemannslag og Jostedal spel – og dansarlag. Vi spør dei andre søkarane om dei vil oppretthalde søknaden for 2017.

Vedteke med 4 mot 1 stemme.

### Styresak 2014/65 Val av arrangør av Landskappleik 2016

Hilde Reitan sit i styret i Vågå Spel- og Dansarlag, og var ugild i saken. Ho var difor ikkje til stade under handsaminga.

Vedtak: Styret i FolkOrg vedtek at Landskappleiken 2016 vert tildelt Vågå Spel- og Dansarlag.

### Styresak 2014/66 Diverse godkjenningar for Landsfestival i gammaldansmusikk 2015

- a) Framlegg 1 frå arrangørane av LF 2015 om påmeldingsavgift vart vedteke: Kr. 250 for senior for fyrste klasse.  
+ Eit tillegg på totalt 150 kr for dei som stiller fleire gonger.  
- Kr 100 for junior for fyrste klasse.  
+ Eit tillegg på totalt 50 kr for dei som stiller fleire gonger. Det vert sett ei øvre grense på 5000 kr pr. lag uansett talet på deltakarar.
- b) Forslaget til billettprisar frå LF2015 vart vedteke
- c) Forslag til premiebudsjet frå LF 2015 vart vedteke
- d) Forslaget til program for LF2015 vert vedteke. FolkOrg godkjenner at det ikkje vert finale i open klasse og lagdans.

### Styresak 2014/67 Diverse godkjenningar for Landskappleiken 2015

Vedtak:

- a) **Påmeldingsavgift:** Styret i FolkOrg vedtek framlegg til påmeldingsavgift; kr 275 for senior og 175 for juniorar.
- b) **Billettprisar:** Framlegg til billettprisar vart vedteke.
- c) **Premiebudsjet:** Forslaget til premiebudsjetet på kr 100 000 for LK2015 vart vedteke.
- d) **Program:** Forslaget til program for Lk2015 vert vedteke, men med nokre oppmodingar om å sjå nærare på plassering av Super D, og det at Fele A og Open klasse er sett opp samtidig.



**Styresak 2014/68 Kurs om sponsing på Landsmøtet våren 2015?**

Vedtak: FolkOrg arrangerer kurs om sponsing i samband med Landsmøtet våren 2015, der ein engasjerer foredragshaldarar som har kunnskap om å skaffe sponsorarbeid generelt, og i tilknytning til Folkemusikkarrangement spesielt til å halde kurset. Kurset har fokus på å skaffe sponsorar i samband med arrangement, og då særleg lokalkappleikar, Landskappleiken, og Landsfestivalen i gammaldansmusikk.

**Styresak 2014/69 Eventuelt**

- Gudrun Folkedal representerer FolkOrg på årsmøtet i Telemarksfestivalen
- Ny festival: Røros Folkfestival, 12.-14.juni
- Røros ungdomsfolkband er etablert med 14 ungdommar
- Styret drøfta habilitetsreglar for styret, det kjem som eigen sak i styremøte 2015/01